

BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 02/25

Dato: 12.05.2025 kl. 09.00 – ca. kl. 10.20

Stad: Bykle rådhus, kommunestyresalen

<u>Til stades:</u> Olav Mandt, leiar Tor Hallvard Mosdøl, nestleiar Anne Blix Grimestad, medlem Geir Anders Breive, medlem Peik Bachmann, varamedlem <u>Forfall:</u> Ingrid Helle, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Maren Stapnes, Tor Ole Holbek og Tommy Pytten Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ Karina Sloth (kommunedirektør) og Ann Ebeltoft (økonomisjef)
--	--

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

SAKSLISTE

SAK 07/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 05.02.25
SAK 08/25 ÅRSREKNESKAPEN 2024 BYKLE KOMMUNE
SAK 09/25 PROSJEKTPLAN HOVDEN SKIGYMNAS
SAK 10/25 REVISOR ORIENTERAR

Orienteringar

Kommunedirektør er invitert inn frå starten av møte for:

- Presentasjon av årsrekneskapen og årsmelding

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Underskrift

Olav Mandt
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, Bykle kommune, Setesdølen

SAK 07/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 05.02.25

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 05.02.25 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 05.02.25

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 05.02.25 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 05.02.25 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 08/25 ÅRSREKNESKAPEN 2024 BYKLE KOMMUNE

Handsaming i møte:

Framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bykle kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2024. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2024.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar m.m.
Budsjett- og rekneskapsforskrifta av 2019

Saksdokument vedlagt saka:

Revisjonsberetning, datert 15. april 2025

Revisjonsberetning, datert 5. mai 2025

Årsrekneskapen og årsberetning 2024 (vedlegg i e post)

Saksopplysningar:

Kommunens årsrekneskap viser eit netto driftsresultat på kr 24 560 234.

Revisor har gitt normal revisjonsberetning utan forbehold eller presiseringar.

I revisjonsberetninga uttaler revisor seg om:

Revisjonen av årsrekneskapen:

Revisors konklusjon :

Etter vår mening

- *oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og,*
- *gjer årsrekneskapen i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassen per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova sine regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.*

Andre lovmessige krav:

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsmeldinga
- Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Revisjonen har gjennom sine handlingar ikkje avdekka forhold som er av ein slik art at dei har betydning for konklusjonane på andre lovmessige krav.

For nærare informasjon vises det til revisjonsberetninga.

Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet skal gi uttale til følgande:

- Kommunekassens årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak (årsrekneskap og årsberetning)
- Lånefondet (årsberetning kan inngå i kommunekassens årsberetning)

Som oftast vil det vere hensiktsmessig med ein samla uttale til kommunekassens årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet gir ikkje uttale til politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap, med mindre revisor har gitt revisjonsberetning.

Når det gjelder Bykle kommune skal kontrollutvalet berre gi uttale til kommunekassens årsrekneskap og årsberetning.

Handsaming av årsrekneskapen

Handsaming av årsrekneskapen og årsberetning vil vere som følger.

- Kommunedirektør avleggar årsregnskapet innan 22.02.25

- Kommunedirektør utarbeider årsberetning innan 31.03.25
- Revisor avgir revisjonsberetning til kommunestyret innan 15.04.25
- Kontrollutvalet avgir uttalelse om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning (Kontrollutvalets uttalelse skal føreligge når formannskapet handsamar årsrekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen innan 30.06.25

Vurderingar:

Sekretariatet vil anbefale kontrollutvalet å gi ein standard uttale til årsrekneskapen og årsberetninga for 2024.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bykle kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2024. Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga for 2024.

SAK 09/25 PROSJEKTPLAN «HOVDEN SKIGYMNAS»

Handsaming i møte:

Kontrollutvalet drøfta saka og framlegg til vedtak og innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Hovden Skigymnas under føresetnad av at kommunestyret bevilger ekstra midlar til gjennomføring inneverande år.

Kontrollutvalet ber om ei ekstra løyving til å gjennomføre prosjekt eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon «Hovden Skigymnas» sett i lys av årleg kommunal ressursbruk og moglege investeringsprosjekt.

Framlegg til innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret bevilger kr 400 000 til gjennomføring av prosjekt forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Hovden Skigymnas.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til prosjektplan frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert 02.05.25

Bakgrunn:

Kontrollutvalet drøfta mogleg bestilling av forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i sitt møte 05.02.25 og vedtok følgande:

Kontrollutvalet drøfta mogleg forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll av Hovden Skigymnas. Kontrollutvalet ber Agder Kommunerevisjon IKS legge fram framlegg til prosjektplan med alternativ for gjennomføring av prosjekt.

Agder Kommunerevisjon IKS har utarbeida framlegg til prosjektplan som kontrollutvalet må ta stilling til.

Første ledd i prosjektet er utarbeiding av ein prosjektplan som nærare beskriv bakgrunn for prosjektet, problemstillingar, revisjonskriterier og metode.

Revisor foreslår følgande problemstillingar i den framlagde prosjektplanen:

Eigarskapskontroll:

- *Utøves Bykle kommunes eierinteresser i Hovden Skigymnas AS i samsvar med kommunestyrets vedtak og forutsetninger, aktuelle lovbestemmelser og anbefalinger om god eierstyring?*

Forvaltningsrevisjon:

- *Er driften av Hovden skigymnas økonomisk bærekraftig?*

Det viktigaste er å vurdere om problemstillingane samsvarer med kontrollutvalets ønsker når det gjeld kva ein vil å få svar på gjennom prosjektet.

Vurderingar:

For nærmare detaljer og avgrensingar vises det til framlegg til prosjektplan og til forvaltningsrevisors presentasjon av prosjektplanen i møtet.

I samråd med forvaltningsrevisor vil det være mogleg å foreta eventuelle justeringar i prosjektplanen dersom utvalet skulle ønske det.

Sekretariatet har hatt dialog med Agder Kommunerevisjon IKS. Kontrollutvalet sine ressursar til forvaltningsrevisjon er brukt opp for inneverande år med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune».

Agder Kommunerevisjon IKS estimerer at bestilling av både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i Hovden Skigymnas AS inneberer 300-400 timer ressursinnsats. I budsjettet kjem det ikkje fram ein årleg timeressurs til forvaltningsrevisjon. Vi legg til grunn ei gjensidig forståing med revisjonen at utvalet kan pårekna å få gjennomført to prosjekter i perioden innanfor eksisterande budsjettamme i tillegg til risiko og vesentlighetsvurdering.

Det kan være mogleg allereie nå å bestille forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i Hovden Skigymnas AS under føresetnad av at kommunestyret bevilger nødvendige ekstra midlar. Revisjonen tek sikte på å framlegga rapport frå prosjektet til kontrollutvalet første halvår 2026.

Kontrollutvalet drøftar saka i møte. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak,

Framlegg til vedtak:

SAK 10/25 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Forenkla etterlevelseskontroll har frist 30.06.25

Forvaltingsrevisjon:

Jobbar med forvaltningsrevisjon «Introduksjonsprogrammet i Bykle kommune» og er i rute til levering av endeleg rapport hausten 2025.

Lukking av møte:

Leiar foreslo å lukke møtet under deler av orienteringa frå revisor med henvisning til Kommuneleva § 11-5 tredje ledd punkt b – jf. Offentleglova §24.

Utvalet drøfta dette og vedtok følgande:

Vedtak:

Kontrollutvalet lukker møtet under deler av orienteringa frå revisor med henvisning til Kommuneleva § 11-5 tredje ledd punkt b – jf. Offentleglova §24.

Møtet blei lukka. Revisor orienterte i saka.

Møtet blei opna att.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet 05.06.25

Eventuelt